



SUND KOMMUNE

Rådmannen

Det kongelige Kommunal- og Regionaldepartement
Postboks 8112 Dep.
0032 OSLO

Sakshands.: GIS
Direktetlf.: 56327558

Vår ref.: 2007002387-4
Arkiv: N-100

Dykkar ref.:

Dato: 23.01.2008


**SØRHEIMUTVALET - ENDRINGAR I INNTEKTSSYSTEMET TIL KOMMUNANE
- HØYRING**

Vi viser til Dykkar brev av 26.10.2007.

Sund kommunestyre handsama saka på møte den 15. januar d.å.

Vedlagt følgjer utskrift av møteboka, der den vedtekne høyringsuttalen framgår.

Med helsing


Gerhard Inge Storebø
rådmann

Kopi m/vedlegg til:

KS

Postb. 1378 Vika

0114 OSLO

Adresse:	Tlf.: 56 32 75 00	Org.nr.:	Giro:	Giro skatt:
Postboks 23	Fax.: 56 32 75 01	964 338 809	3470.09.50850	78550512458
5371 SKOGSVÅG				



SUND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	15.01.2008	004/08	GIS
Kommunestyret	15.01.2008	003/08	GIS

Saksansvarleg Gerhard Inge Storebø	Arkiv: N-100 Objekt:	ArkivsakID 2007002387
---------------------------------------	-------------------------	--------------------------

SØRHEIMUTVALET - ENDRINGAR I INNTEKTSSYSTEMET TIL KOMMUNANE - HØYRING

Dokumentliste:

Nr	T	Jp.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	26.11.2007	KS	RAPPORT FRÅ SØRHEIMUTVALET - BER OM HØYRINGSSVAR

Saksutgreiing:

Kommunal og regionaldepartementet har sendt ut rapporten frå Sørheimutvalet på høyring – med frist 28.januar 2008. Sørheimutvalet vart oppnemnd i desember 2006 – og har hatt eit omfattande mandat til å vurdere ulike sider ved inntektssystemet for kommunane.

Utvalet sin rapport er tilgjengeleg på internettadressa:

<http://www.regjeringen.no/Upload/KRD/Vedlegg/KOMM/Rapporter/israpport.pdf>

Kommunesektoren sin plass i norsk økonomi.

Kommunesektoren sine inntekter utgjer vel 17 % av brutto nasjonalprodukt for Fastlands-Noreg, medan sysselsettinga i sektoren utgjer om lag 15 % av samla utførte timeverk. Tek ein utgangspunkt i talet på sysselsette personar er talet 19 % - då det er relativt mange deltidstilsette i kommunesektoren.

Staten styrer økonomien i kommunesektoren ved å fastleggja rammene for statlege overføringar til kommunesektoren og ved å regulera dei inntektene det er forventa kommunane skal skaffa seg sjølv.

Kommunesektoren sin ressursbruk er i vesentleg grad knytt til produksjon av nasjonale velferdstenester. Barnehage, grunnskule, helse-, sosial- og omsorgstenester legg beslag på over 70 % av kommunesektoren sine brutto driftsutgifter.

Kommunane sine inntekter er i hovudsak skatteinntekter, statlege overføringar og brukarbetalingar. Overføringane er dels generelle – frie inntekter og dels øymerka til spesielle formål. I tillegg kan kommunane krevja inn skatt på eigedom, og ein del kommunar har og betydelege finansinntekter og eigarinntekter frå eigardelar i kraftproduksjon.

Utvikling av velferdssamfunnet og behov for utjamning.

Det har vore eit overordna mål for utviklinga av velferdssamfunnet at velferdstenestene skal nå alle – og at det ikkje skal vera for stor variasjon i standarden på tenestene utover i landet.

Det er dei frie inntektene – skatteinntektene og rammetilskota - som har vore med å sikra utjamning og omfordeling i finansieringssystemet for kommunane. Staten skal med sin utjamningspolitikk medverka til at det kommunale tenestetilbodet ikkje varierer for mykje mellom kommunane. I inntektssystemet slik det er i dag, vert skatteinntektene delvis utjamna, medan variasjon i etterspurnad etter tenester på grunnlag av sosiale, demografiske og avstandsmessige tilhøve i stor grad vert utjamna gjennom utgiftsutjamninga i rammetilskotet.

Det at ein ynskjer eit likeverdig tenestetilbod i alle kommunar i landet treng ikkje vera i motstrid til ynskje om lokalt sjølvstyre. Lokalpolitikk bør vera noko meir enn rein iverksetting av statleg politikk. Det bør vera råd å finna ein god balanse mellom storsamfunnet sine krav om likeverd i tenestetilbodet og kommunal fridom.

Hovudtrekk ved inntektssystemet.

For 2007 er det rekna at kommunesektoren vil få om lag 48 % av inntektene sine som skatt og 20 % av inntektene som rammetilskot. Øymerka tilskot utgjer knapt 12 % av inntektene.

Utvalet peikar på at høg grad av skatteinntekt vil gje stor grad av lokal forankring på inntektssida, medan omsynet til jamn fordeling, påreklelege inntekter og meir stabil utvikling tilseier låg grad av skatteinntekt. Utvalet har lagt stor vekt på omsynet til lokal forankring og lokaldemokrati. Det vert sett på som prinsipielt viktig at ein stor del av kommunane sine inntekter kjem frå kommunale skatteinntekter – og at det vil vera uheldig om kommunal sektor vert meir avhengig av statlege overføringar enn i dag. **Utvalet konkluderer med at skattedelen av kommunane sine inntekter framleis bør utgjera 50 %. Kommunane må sjølv handtera avviket mellom budsjettert og faktisk skatteinngang. Utvalet ynskjer ikkje at eigedomsskatt og konsesjonskraftinntekter skal vera ein del av det skattegrunnlaget som vert lagt til grunn for utjamning av skatteinntektene mellom kommunane.**

Utjamning av skatteinntekter mellom kommunane.

I dag er det ei utjamning av kommunale skatteinntekter. Kommunar med inntekt over landsgjennomsnittet vert trekt 55% av inntektene over 100% av landsgjennomsnittet. Kommunar med inntekt over 90 % av landsgjennomsnittet får kompensert 55% av gapet frå eige inntektsnivå opp til landsgjennomsnittet. Kommunar med inntekt mindre enn 90 % av landsgjennomsnittet får og kompensert 55 % av gapet frå eiga inntekt opp til

landsgjennomsnittet, men får og ein tilleggskompensasjon på 35 % av gapet mellom eiga inntekt og 90 % av landsgjennomsnittet.

For kommunar med skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet har utviklinga i eigen skatteinngang relativt liten verknad for samla inntektsnivå – samanlikna med utviklinga av landsgjennomsnittet. Skattesvake kommunar er meir følsame for svingingar i landsgjennomsnittet enn for svingingar i eigne skatteinntekter.

Utvalet sitt fleirtal (AP,SV,KrF og Frp) meiner at den modellen som er i dag er oversiktleg og forståeleg. Det er ein styrke at modellen tek særleg omsyn til kommunar med lave skatteinntekter. Fleirtalet meiner likevel at den inntektsutjamninga ein oppnår med noverande modell ikkje er tilstrekkeleg til å sikra kommunar med svakt inntektsgrunnlag naudsynte ressursar til å finansiera sine oppgåver. **Dette fleirtalet meiner at kommunar med høge skatteinntekter må kunna få eit større trekk i sine skatteinntekter, for å gje eit løft til kommunane med skatteinntekter under landsgjennomsnittet – og kjem med forslag om å auka trekket frå 55 % til 60 % for den delen av inntektene som ligg over 100 % av landsgjennomsnittet.**

Medlemmen frå Høgre vil ikkje støtta framlegget frå fleirtalet – og meiner at auka inntektsutjamning ikkje samsvarer med tenkinga om styrka lokaldemokrati. Endra utjamning må vurderast opp mot nye kostnadsnøklar i grunnlaget for rammeoverføringane.

Medlemmene frå SP og V meiner fleirtalet ikkje går langt nok i å auka skatteutjamninga. Dei ynskjer å løfta alle kommunar opp til 95 % av landsgjennomsnittet – og meiner at særleg kommunar med meir enn 115 % av landsgjennomsnittet kan få større trekk i sine skatteinntekter.

Selskapsskatten.

Sidan 2005 har kommunane fått tilført ein del av selskapsskatten som rammetilskot. Selskapsskatten vert vurdert som ei ustabil og lite pårekeleg inntekt. Denne skatten utgjer ein liten del av kommunesektoren sine frie inntekter.

På den andre sida vert selskapsskatten som kommunal inntekt vurdert som motiveringsfaktor opp mot kommunal næringsutvikling. Utvalet har likevel vore inne på at utviklinga tilseier at ein ser større bu- og arbeidsmarknadsregionar i samanheng – og at det kan vera aktuelt med ny regional fordeling av ev. framtidig lokal selskapsskatt.

Utvalet er delt i spørsmålet om selskapsskatt. Medlemmene frå AP, SP og SV ynskjer å avvikla ordninga. Medlemmene frå H, KrF, V og FrP ynskjer å vidareføra ordninga med kommunal selskapsskatt.

Distriktspolitiske tilskot i inntektssystemet.

I dag får kommunar i Nord-Noreg og små kommunar med moderate skatteinntekter ekstra rammetilskot innanfor ulike ordningar. Grunngevinga er å leggja grunnlag for at desse kommunane kan gje eit betre tenestetilbod og med det hindra fråflytting.

Utvalet går inn for eit nytt distriktstilskot – med om lag same økonomiske ramme som

gjeld for ordningane i dag. Fleire kommunar i Sør-Noreg vil vera mottakarar av det nye distriktstilskotet.

Vekst, fråflytting og oppdatering av folketal.

Utvalet har vurdert behovet for endringar som i særleg grad gjeld kommunar med sterk vekst eller fråflytting.

Utvalet går inn for å avvikla ordninga med oppdatering av folketal midt i budsjettåret. I det vidare vert det tilrådd å bruka oppdaterte folketalsopplysningar pr. 01.07. året før budsjettåret – og ikkje pr. 01.01. som i dag. Utvalet kjem med forslag om eit eige vekstkompensasjonstilskot til kommunar med høg snittvekst i innbyggjartalet i ein 3-årsperiode.

Skjønsmidlar i inntektssystemet.

Framleis vert ein del av rammetilskotet til kommunane fordelte ut frå skjøen. Sidan 2002 har fylkesmennene hatt ansvaret for endeleg kommunefordeling av skjøenstilskotet ut frå retningslinjer frå departementet.

Utvalet gjer framlegg om å redusera omfanget på skjønsmidlane. Regionalpolitisk grunngeve tilskot er det forslag om å flytta til nytt distriktstilskot. Det skal framleis vera mogeleg å gje tilskot til kommunale utviklingsprosjekt med mål å betra kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen.

Overgangsordning.

Det er ei eiga ordning i inntektssystemet i dag for å sikra at kommunar ikkje skal få brå, markerte endringar i inntektene frå eit år til det neste.

Utvalet meiner at noverande ordning bør avviklast og erstattast med ei ordning som er enklare, meir pårekneleg og i større grad skjermar kommunane mot brå svikt i rammetilskot frå eitt år til det neste. Forslaget inneber ein inntektsgaranti som sikrar mot stor nedgang (avvik frå landsgjennomsnittet) uavhengig av kva grunn svikten har.

Andre innspel frå utvalet.

I siste kapittel er det samla ein del innspel til vidare utgreiing om tilhøve som gjeld finansieringssystemet for kommunesektoren.

Vurdering:

Sund kommune er ein kommune med lave skatteinntekter. I 2006 hadde Sund kommune skatteinntekt pr. innbyggjar tilsvarande 83.4 % av landsgjennomsnittet.

Sund kommune vil difor koma betre ut med auka utjamning slik fleirtalet i Sørheimutvalet går inn for. Med utgangspunkt i 2006-tal, vil Sund få ein auke i inntektskompensasjon med 1.0 mill. kr. dersom utjammingsprosenten vert auka frå 55 % til 60 %.

Sund kommune har lave inntekter knytt til selskapsskatt. Kommunen vil difor få auka inntekter om ordninga med selskapsskatt vert reversert og forslaget om auka utjamning vert innført i staden. Med utgangspunkt i 2006-tal vil inntektsveksten med ei slik endring verta 1.5 mill.kr. for Sund. Vekst i skatteutjamninga ligg inne i denne summen.

Framlegget om å endra dato for oppdatering av folketal er og vurdert til å gje økonomisk gevinst for Sund. Like viktig er det at forslaget vil gje større tryggleik i budsjetteringa, då inntektsgrunnlaget ikkje vil verta endra i budsjettåret.

Med den veksten Sund kommune har hatt i folketalet i dei 3 åra utvalet har vurdert (2002 – 2005), vil kommunen få del i det vekstkompensasjonstilskotet utvalet går inn for. Auka kompensasjon er med det aktuelle talgrunnlaget rekna til 1.6 mill. kr. For Sund kommune.

Sund kommune har ikkje på mange år fått distriktspolitiske tilskot. Kommunane i vår region vil heller ikkje koma inn under ordninga med nytt distriktstilskot slik utvalet har gjort framlegg om.

Alle kommunar må i utgangspunktet vera med og finansiera reduksjon i ramma for skjønstilskot og for auka avsetning til ny overgangsordning. Med utgangspunkt i 2006-tal vil Sund kommune sin del vera kr. 735.000.-.

Ei oppsummering bygd på det fleirtalet i Sørheimutvalet går inn for, viser at Sund kommune kan få ein auke i inntekt på 3.2 mill.kr. Dette er i hovudsak knytt til skatteinntektene – som utgjer knapt halvparten av inntektene til kommunen.

Sørheimutvalet sine forslag vil vera eit lite steg i retning av å løfta inntektene til kommunar med lågt skattegrunnlag. For store kommunar med gode skatteinntekter vil forslaget innebera ikkje liten innteksreduksjon.

Selskapsskatten har hatt lite å seia for økonomien i Sund. Tankane om å sjå regionar i ein samanheng med lokal tilbakeføring av selskapsskatten vil vera interessant for Sund kommune.

Ved at eigedomsskatt og inntekter frå konsesjonskraft vert halden utanfor inntektsutjamninga, vil det framleis vera store skilnader på inntektsnivået i kommunane.

Saka vert lagt fram for formannskapet til drøfting før handsaming i kommunestyret.

15.01.2008 FORMANNSKAPET

Ordføraren orienterte om at det vil koma eit framlegg til vedtak i saka i kommunestyret.

F-004/08 Vedtak:

Saka går til kommunestyret utan tilråding frå formannskapet.

15.01.2008 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Høgre v/Ove Trellevik:

Sund kommune støttar fleirtalet i Sørheimutvalet sitt framlegg om å auka inntektsutjamninga frå 55% til 60% for den delen av inntektene som ligg under 100 % av landsgjennomsnittet, då dette kan sjåast på som eit steg i rett retning.

Sund kommune støttar framlegget om å innføra vekstkompensasjonstilskot. Sund kommune meiner det vert feil å erstatte dagens regionalpolitiske tilskott og Nord-Noreg-tilskott med eit nytt distriktpolitisk tilskott som ikkje tar høgde for konsesjonskraftinntekter og potensialet for eigedomsskatteinntekter.

Sund kommune er kritisk til at potensielle inntekter frå eigedomsskatt og inntekter frå konsesjonskraft vert haldne utanfor inntektsutjamninga, då dette framleis vil medføre store skilnader i det offentlege tenestetilbodet mellom kommunane.


Sørheimutvalet si innstilling vil kunne medføre at nokre rike kraftkommunar og rike oljekommunar også får vekstkompensasjonstilskot og distriktpolitisk tilskot, slik at skilnaden mellom fattige og rike kommunar i ein region kan auka ytterlegare om dette vert vedteke.

Når det gjeld selskapsskatten, så er det Sund kommune si oppfatning at dagens ordning med selskapsskatt må reverserast inntil ein får ei ordning der ein kan sjå dette i ein større regional samanheng saman med potensialet for inntekter av eigedomsskatt på næring og konsesjonskraftinntekter.

Sund kommune støttar framlegget om å avvika ordninga med oppdatering av folketalet midt i budsjettåret. Vi støttar og framlegget om ein inntektsgaranti som sikrar kommunane mot store avvik frå landsgjennomsnittet, uavhengig av kva grunn svikten har.

K-003/08 Vedtak:

Framlegget frå Høgre vart vedteke samrøystes.

Rett utskrift: Eva - Østertveit Høyre Dato: 22.01.2008 	Kopi til: Gerhard Inge Storebø for oppf.
---	--